

# Retningslinjer for handsaming av forskningsetiske spørsmål

Fastsett av:	Styret ved Universitetet i Tromsø, jf. § 9-1 (1) i Lov om universiteter og høyskoler
Dato:	14.2.2008
Arkivref.:	DL 200602792-17 S 7-08

## I. Formål

1. Formålet med retningslinjene er å etablere rutinar som sikrar at forskningsetiske normer blir ivaretatt på ein god måte ved Universitetet i Tromsø. Dei skal fremja høgt medvit omkring forskningsetiske spørsmål og leggja til rette for god vitenskapleg praksis ved å auka kunnskapen om, interessa for og debatten om etikk knytt til universitetet si verksemd.

## II. Forskingsetiske prinsipp

2. Forskingsetikk omfattar etiske aspekt både ved forskarrolla og forskingsprosessen. Forskingsetiske dilemma kan også oppstå i skjeringsflata mellom forskning og andre aktivitetar, som undervisning, formidling, ekspertverksemd, fag- og institusjonsforvaltning og engasjement i anna verksemd.
3. Ved Universitetet i Tromsø skal nasjonale og internasjonale prinsipp leggjast til grunn for å sikra god forskingskikk, slik dei går fram av:
  - Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi  
<http://www.etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer>
  - Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskaplege og teknologisk forskning  
<http://www.etikkom.no/retningslinjer/nent>
  - Etiske prinsipp for medisinsk forskning som omfattar menneske (Helsinkideklarasjonen) <http://www.etikkom.no/retningslinjer/helsinkideklarasjonen>
  - Uniform Requirements for Manuscripts Submitted to Biomedical Journals (Vancouverkonvensjonen)  
<http://www.etikkom.no/retningslinjer/vancouverkonvensjonen>

## III. Ansvar

4. Kvar enkelt forskar og student har ansvar for å følgja normene for god forskingskikk i forskning/studium og tilgrensande verksemd, jf. pkt. 2.
5. Det er ein del av det faglege ansvaret og personalleiaransvaret å sikra at forskningsetiske normer blir godt ivaretatt. Faglege leiarar på alle nivå har ansvar for å sikra god forskningsetisk praksis og for å vurdere spørsmål om eventuelle brot på prinsippa innafor sitt ansvarsområde.
6. Eit sentralt forskningsetisk utval skal gi uttale i saker der det kan vera tvil om det ligg føre brot på forskningsetiske prinsipp. Utvalet kan også gi uttale om generelle spørsmål som gjeld forskningsetikk.

## IV. Sakshandsaming ved mistanke om fusk eller andre brot på god forskingskikk

7. Klage over eller melding om mistanke om at ein tilsett eller student har brote forskingsetiske prinsipp skal sendast skriftleg til eininga der den det gjeld er tilsett/student. Saka skal handsamast og avgjerast av dekan, museumsdirektør eller senterleiar. Denne fullmakta kan delegerast til faglege leiarar/organ.

Ved mistanke om fusk ved eksamen gjeld eigne sakshandsamingsreglar, jf. 4. ledd og kap.16 i Handbok for studieadministrasjon.

Den/dei saka direkte gjeld - part(ane) - skal få informasjon om saka, og kopi av dokumenta så raskt som mogeleg og seinast innan tre veker.

Saker etter lov om universiteter og høyskoler §§ 4-7 *annullering av eksamen eller prøve*, 4-8 *utestenging og bortvisning*, 4-9 femte ledd *utestenging grunnet straffbare forhold* og 4-10 *utestenging etter sikkerhetsvurdering* skal handsamast av klagenemnda, jf. § III c i reglar om klagenemnda.

8. Part og/eller fagleg leiar kan be om å få ei sak lagt fram for Forskingsetisk utval til uttale.
9. På alle nivå gjeld at sakshandsaminga følgjer forvaltningslova så langt det høver.
10. Ved oppstart av saker må fagleg leiar vurdera habiliteten sin og eventuelt senda saka til overordna nivå (forvaltningslova §§ 6-10).
11. Ved oppstart av kvart møte i Forskingsetisk utval skal leiar minna medlemmene om at dei pliktar å vurdera habiliteten. Ein medlem som har vore med på saksførebuinga eller tidlegare avgjerd i ei sak, skal ikkje vera med ved handsaming av saka.
12. Faglege leiarar og Forskingsetisk utval kan søkja råd hjå ein eller fleire sakkunnige ved handsaminga av ei sak.
13. Både for faglege leiarar og for Forskingsetisk utval, partar og deira fullmektig gjeld at dei kan be partar og vitne om å forklara seg. Opplysningane som kjem fram, skal dokumenterast på forsvarlig måte og leggjast fram til uttale for den som har forklart seg. Ein part skal ha rett til å forklara seg munnleg eller skriftleg og å gjera seg kjend med og kommentera forklaringar frå andre partar, vitne og sakkunnige.
14. Saker som er handsama i Universitetet si klagenemnd kan ikkje leggjast fram for utvalet, men klagenemnda kan be Forskingsetisk utval om uttale i samband med saker nemnda har under handsaming.
15. Når fagleg leiar eller Forskingsetisk utval har konkludert i ei sak, må den faglege leiinga – avhengig av konklusjonen – vurdera korleis universitetet skal handtera situasjonen som arbeidsgivar eller som utdanningsinstitusjon.

#### **V. Forskingsetisk utval – samansetjing m.v.**

16. Forskingsetisk utval skal ha fem medlemmer med personleg varamedlem oppnemnt av universitetsstyret. Leiar og varamedlem for leiar skal fylla dei lovbestemde krava for lagdommar og tingrettsdommar. Fire av medlemmene skal vera vitskapleg tilsette ved universitetet – ein av dei skal vera fagkunnig innafor etikk. I saker som gjeld studium, skal det i tillegg vera med to studentar.

17. Studentrepresentantane blir oppnemnde for eitt år. Dei andre medlemmene blir oppnemnde for tre år.
18. Ein medlem med varamedlem blir sitjande til ny medlem er oppnemnt, sjølv om funksjonstida har gått ut. Ein medlem held også fram til handsaminga av påbegynte saker er avslutta.

Avgjerd om uttale – med grunngiving - skjer som hovudregel i møte. Utvalet kan gi uttale når leiar eller varamedlem for leiar og to andre medlemmer er til stades. Uttalen skal byggja på ei konkret vurdering av dokument og prov som har vorte lagt fram i saka. Det skal gå fram av konklusjonen om det føreligg brot på god forskingskikk/brot på forskningsetiske prinsipp. Det må gå fram av uttalen kva saksdokument som har vore vurdert og kva fakta som er lagt til grunn. Ved dissens bør også grunngivinga frå mindretalet vera med i uttalen.

19. Forskings- og studieavdelinga er sekretariat for Forskingsetisk utval.

## **VI. Iverksetjing**

- 21 Retningslinjene gjeld frå 1.3.2008.

28.02.08